

*Undervening av lam:*

# Hudvask for dyr blei løysinga

**Å jamna ut lammetalet til 2 pr. morsau betyr ein god del for økonomien i sauehaldet. Men undervening er både arbeidskrevjande og vanskeleg å lukkast med, derfor blir det ikkje gjort så ofte som det burde.**

Dag Laupsa Borge er sauebonde i Kvam og har 120 vinterføra søyer. Som i alle andre flokkar blir det ein del trillingar og einstaka lam også hos han.

- Det betyr mykje for økonomien å kunna plassera flest moglege trillingar slik at kvar sau, så langt råd er, har 2 lam med seg på sommarbeite. Med 2 lam pr. sau blir det også mindre jurproblem, seier Laupsa Borge.

## Viktig med planlegging

Sauebonden i Kvam har sine strategiar

for å oppnå gode resultat med undervening av lam. Fosterteljing ved hjelp av ultralyd i slutten av januar er ein del av opplegget.

- Då veit eg kor mange foster dei vordende mødrene har og kan dermed også planleggje lammebytet betre, fortel han.

Men så var det å få dette til i praksis og utan altfor mykje arbeid. Tidlegare vaska han lamma som skulle skifta mor med grønsåpe. Resultatet vart ikkje alltid like vellukka.

- Før lammesesongen våren 2006 hadde eg blitt kjent med produkta frå den lokale produsenten Optima her i Kvam, og kom på at eg skulle prøva Optima pH hudvask for dyr i staden for grønsåpe. Det blei full klaff med ein gong - 17 lam fekk ny mor utan problem den våren, fortel Laupsa Borge.

## Framgangsmåten er enkel

- Til ei 20 liters bøtte med lunka vatn tilset eg 2-3 dl (1 drikkekrus) Optima pH hudvask og blandar dette godt. Så dyppar eg heile lammet i denne blandinga, sjølsagt utan å få vatn i nase og lungene til lamma. Gnir det så godt inn over alt, men tørkar ikkje av vatn og såpe. Smør deretter lamma inn med fostervatn, dersom eg får tak i det. Og som regel legg eg fosterlammet til søya før den får sitt eige. Blandinga av Optima pH hudvask og fostervatn såg ut til å smake godt, for søyene slikka og godtok lamma, seier Laupsa Borge og fortel at han har brukt metoden på lam opp til dei er 6 dagar gamle.

## God timebetaling

Våren 2007 fekk 15 lam ny mor hjå Dag Laupsa Borge. Heller ikkje då hadde han problem ved underveninga.

- Denne våren var det også ein del naboar som prøvde metoden. Alle seier at underveninga gjekk greitt også hjå dei, fortel Laupsa Borge som meiner at han har kjempegod timebetaling for den tida han nå brukar på å jamne ut lammetalet i saueflokken sin.

## Ufarleg og smakar godt

- Om sauen får i seg små mengder av vaskemiddelet når den slikkar lammet, så er det ingen grunn til å vere uroleg over det. Middelet er heilt ufarleg, seier Dag Laupsa Borge. Men komande vår vil han justere metoden litt. Han vil då la det meste av vatnet og såpa renna av lamma før han sprayar dei med Optima pH hudspray for dyr.

- Frå produktleverandøren har me fått opplyst at dette smakar endå betre og alle ingrediensar i dette produktet er attpåil godkjente til bruk i mat, fortel han.



Sauebonden i Kvam, Dag Laupsa Borge har gode erfaringar med å bruka Optima pH hudvask for dyr når han skal undervenje lam.

Arne Flatebo  
arne.flatebo@nsg.no

# Allsidigt hudvaskemiddel

*- I oppveksten heime på Voss hugsar eg med gru på kor vanskeleg undervenjing av lam var, og derfor så var det berre unntaksvis at dette vart gjort. Nå har vi faktisk funne ei enkel løysing på dette problemet, seier veterinær Magne Skjervheim som står bak Optima pH hudvask til dyr.*

Han viser til erfaringane som sauebonde Dag Laupsa Borge i Kvam i Hordaland har med å bruka produktet i forbindelse med flytting av trilling- og firlinglam over til søyer som får berre eitt lam. Som produsent av Optima vart Magne Skjervheim først gjort kjent med dette i april 2007.

- Det var derfor lite vi som produktprodusent kunne gjera i den lammesongen, men lokalt var det ein del som prøvde dette rådet. Alle med godt resultat, fortel Skjervheim.

## Produktfakta

Optima er ein serie med hudpleieprodukt til folk og dyr som byggjer på dei økologiske prinsippa. Det går ut på at ein skal ta vare på dei gode bakteriane og gjere livet, bokstaveleg tala, surt for problembakteriane.

- Forutan ved lammebyte kan mange med sau ha stor nytte av å bruka desse produkta, bl.a. ved fødsels-hjelp og til særbehandling. Mange geitmjølkprodusentar brukar dei alt, fortel Skjervheim.

## Prinsippet

Låg pH, organiske syrer og normalfloraen er menneske- og dyreorganismen sine egne forsvarsmekanismer mot infeksjonar. Produkt som er på lag med naturen hjelper organismar med å forsterke desse mekanismane.

- Sidan dette er i samsvar med økologisk tenkjemåte er produkta definert som økologisk infeksjonskontroll. I vår moderne tid har mange gloymt desse prinsippa. Overdriven bruk av antibiotika, desinfeksjon og tilsetjingsstoff motarbeider naturen. Naturen slår nå tilbake, m.a. i form av resistente bakteriar. Derfor er det viktig at forbruket av antibiotika etc. blir redusert, seier veterinæren frå Kvam.

## Vanligaste bruksområde

- Mange småfebonder brukar hudvasken til vask av hender og rundt ytre fødselsveg på søyene og geitene før dei utfører fødsels-hjelp, seier Magne Skjervheim og legg til at fleire bønder i tillegg har funne ut at denne hudvasken er effektiv til å fjerna lukt



Veterinær Magne Skjervheim som står bak Optima-produkta.

(fjøs-lukt) frå hender, hår og kropp. Dessutan så fjernar han ikkje feitt frå huda og det blir ikkje så skadeleg å dusja ofte.



## Reinrasa dala

Kristian Hauan i Kvinesdal har sendt oss dette bildet som viser eit prakteksemplar av ein risbitvær av reinrasa dala. Væren som heiter Lykkeprins tilhøyrrer Olav Georg Tveiten frå Eiken i Vest-Agder. Lykkeprins stod spiss under sauesjået i Heggebostad sist haust der han fekk 66 poeng og 1. premie.